



**VALLE KOMMUNE**  
Valle kommune

dok 245

Saksnummer	200605491	Dato	11.12.06
Kode	11-501	Tid	

Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030, Dep.

0030 Oslo

Vår ref:  
2006/910-2

Sakshandsamar:  
Steinar Kyrvestad  
☎ 37937500  
sky@valle.kommune.no

Arkiv:  
020

Dato:  
07.12.2006


## Uttale - staten og Den norske kyrkja

Valle formannskap meiner at Den norske kyrkja skal vere ei open og inkluderande folkekyrkje der alle er likeverdige medlemmer. Valle formannskap gjeng difor inn for å halde på den ordninga som vi har i dag mellom Kyrkja og Staten.

Samfunnet må ha nokre overordna verdiar det byggjar på. Gjennom 1000 år har vårt samfunn lagt til grunn dei kristne verdiane. Gjennom at 85% av innbyggjarane er medlemmer av Den norske kyrkje, har dei sagt at kristendomen skal verte tillagd stor tyding i vårt samfunn. Skal ein kome dette i møte, og take vare på dei kristne verdiane, må vi ha ei levande folkekyrkje som dei fleste i landet føler seg knytt til. Sidan Den norske kyrkja rommar så mange, er det naturleg at den har ei særstilling i lovgivinga.

Samstundes må alle i vårt land ha høve til å ha sitt livssyn og utøve sin religion innfor norsk lov utan å verte diskriminert.

Med helsing

  
Steinar Kyrvestad  
ordfører